


Trygg og framtidisretta




Avfallsforskrift

Vedtatt av Time kommunestyre 06.05.2014



Time kommune





Innhold

§ 1 Mål for avfallssektoren	4
§ 2 Verkeområde	4
§ 3 Definisjonar	4
§ 4 Kommunal innsamling av avfall	6
§ 5 Kommunal tøming av slam	7
§ 6 Kommunens plikter	9
§ 7 Krav til sortering og bruk av avfallsbeholdaren	9
§ 8 Plassering og tøming av behaldaren	11
§ 9 Skaffing og byte av avfallsbeholdarar	12
§ 10 Krav til køyrbar veg	14
§ 11 Hygieniske krav til renovasjon	14
§ 12 Renovasjonsgebyr	14
§ 13 Innkrevjing av renovasjonsgebyr, renter mv.	16
§ 14 Unntak, fritak, dispensasjonar og klager	16
§ 15 Sanksjonar	17
§ 16 Plantekniske krav	17





§ 1 Mål for avfallssektoren

Time kommune har som målsetting å redusera avfallsproblema ved å hindra at avfall oppstår, redusera mengda av farlege stoff i avfallet, fremja ombruk, gjenvinning og energiutnytting, og sikra ei forsvarleg slutthandsaming av restavfallet.

Time kommune har som mål å sikra ei miljømessig, samfunnsøkonomisk og helsemessig tilfredsstillande innsamling, transport og behandling av slam i kommunen.

For å nå desse måla vil kommunen arbeida for ei høg grad av kjeldesortering, ettersortering og separat innsamling/levering av ulike avfallsfraksjonar.

Mål og strategiar for avfallsarbeidet er nedfelte i Kommunedelplan for energi og klima i Time kommune 2011 – 2022.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta omfattar kjeldesortering, lagring, innsamling og behandling av avfall samt fastsetting av avfallsgebyr i Time kommune. Forskrifta gjeld:

1. Alle typar avfall og slam som kommunen etter forureiningslova eller ved delegering frå overordna forureiningsmyndigheit er tillagt mynde over.
2. Alle hushald og verksemder i kommunen der det oppstår slikt avfall, jf. pkt. 1.
3. Alle eigedomar i kommunen med sanitæranlegg der det oppstår slikt slam, jf. pkt. 1.

Kommunen kan gje nærare retningslinjer for gjennomføring av vilkåra i forskrifta.

§ 3 Definisjonar


1. Med **avfall** forstår ein kasserte stoff eller lausøyregjenstandar. Som avfall reknar ein også overflødige stoff eller lausøyregjenstandar frå tenesteyting, produksjon og reinseanlegg mv. Avløpsvatn og avgassar vert ikkje rekna som avfall.
2. Som **hushaldsavfall** reknar ein avfall frå private hushald, medrekna større gjenstandar slik som inventar og liknande.
3. Som **næringsavfall** reknar ein avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar.





4. Som **spesialavfall** reknar ein avfall som det ikkje er hensiktsmessig å behandla saman med anna hushaldsavfall eller næringsavfall på grunn av storleik (grovavfall) eller fordi det kan medføra alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr (farleg avfall).
5. Som **EE-avfall** reknar ein kasserte EE-produkt. EE-produkt er produkt og komponentar som er avhengige av elektrisk straum eller elektromagnetiske felt for å fungera på rett vis, samt utrustning for generering, overføring, fordeling og måling av elektrisk straum og felt. Dette omfattar også delar som er nødvendige for avkjøling, oppvarming, vern m.m. av dei elektriske eller elektroniske delane.
6. Med **bioavfall (våtorganisk avfall)** meiner ein matavfall, hageavfall og anna biologisk nedbrytbart avfall frå vanlege hushald, som eignar seg for kompostering og/eller biogassproduksjon.
7. Med **restavfall** meiner ein blanda avfall som vert att etter kjeldesortering eller sentralsortering av hushalds- og næringsavfall.
8. Med **kjeldesortering** forstår ein i denne forskrifta at ein abonnent eller annan avfallsprodusent held visse avfallstypar frå ein annan, og legg desse avfallstypane i tilviste behaldarar eller bringer dei til godkjende mottak.
9. Med **returpunkt** (miljøstasjon) meiner ein ubemanna mottak der hushalda kan levera kjeldesortert avfall.
10. Med **gjenvinningsstasjon** meiner ein bemanna mottak som er tilrettelagde for innlevering av separert avfall.
11. Med **behaldar** meiner ein i denne forskrifta sekk, kasse, spann, dunk, sjakt, boks, avfallsinnkast, konteinar, nedgravd konteinar (søyle og innerkonteinar) eller anna som kommunen til ei kvar tid finn det hensiktsmessig å bruka.
12. Med **eigedom** meiner ein fast eigedom som er oppretta som ei sjølvstendig juridisk eining i tinglysingsregisteret (grunnboka) hjå tinglysingsmyndigheita, slik som gnr./bnr., gnr./bnr./snr. (seksjonsnr.), gnr. /bnr./fnr.(festenr.).
13. Med **bustad** meiner ein her ei eining som i matrikkelen er definert som brukseining og vert nytta til bustadføremål. Dette er ei bueining som består av eitt eller fleire rom, og som er bygd eller ombygd som heilårs privatbustad for ein eller fleire personar, og som har eigen tilkomst til rommet/romma utan at ein må gå gjennom ein annan bustad.
14. Med **abonment** meiner ein eigar av ein eigedom (sjølvstendig juridisk eining) som er omfatta av den kommunale renovasjonsordninga. Dersom eigdommen er fest bort for minst 30 år, eller der festet kan forlengast utover 30 år, skal festaren reknast som abonnent.





15. Med **fellesabonnement** meiner ein at fleire abonnentar går saman om felles avfallsbeholdarar for ein eller fleire avfallstypar. Kvar enkelt eigedom som inngår i fellesabonnementet står økonomisk ansvarleg for sin del av fellesabonnementet.
16. Med **brukar** meiner ein den som til dagleg bruker behaldarane.
17. Med **tilleggsgebyr** meiner ein gebyr for tenestetilbod ut over standardtilbod.
18. Med **kommunens renovatør** meiner ein det eller dei renovasjonsselskapa som utfører innsamling av avfall på vegne av kommunen.
19. Med **innsamling** av avfall meiner ein både hente- og bringeordningar.
20. Med **slam** meiner ein oppsamla volum frå sanitæranlegg som slamavskiljar, samleikum for avslamming av sanitært avløpsvatn, minireinseanlegg, oppsamlingstankar for ubehandla sanitært avløpsvatn, utedo m.v.
21. Med **sanitæranlegg** meiner ein reinseinnretningar og samleikummar for sanitært avløpsvatn.
22. Med **rejektvatn** meiner ein den flytande delen av innhaldet i det volumet som vert tømt i sanitæranlegget dersom det vert brukt tømebil som kan separera slamvolumet.
23. Med **inerte massar** meiner ein avfall som ikkje gjennomgår nokon vesentleg fysisk, kjemisk eller biologisk omdanning, for eksempel jord, stein og betong.

§ 4 Kommunal innsamling av avfall

Etter § 30, 1. ledd i forureiningslova er det tvungen renovasjon for dei typar av avfall som kommunen har ansvar for, jf. § 3, pkt. a. Alle bebygde eigedomar i kommunen der det er verksemd som medfører at det oppstår slikt avfall (jf. § 3, pkt. a) er omfatta av den tvungne kommunale renovasjonsordninga.

Det er ikkje tillate å grava ned eller leggja att avfall og liknande i naturen, jf. forureiningslova § 28 (forbod mot forsøpling).

Det er ikkje tillate å brenna avfall i vedomn, opne tønner/småomnar eller på opne bål på ope mark. Brenning skal likevel vera tillate i følgjande tilfelle:

- a) Brenning av avfallstrevirke i vedomn og på jonsokbål, med unntak av impregnert og malt trevirke
- b) Brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strok

Kommunen kan ved generelle avgjerder eller gjennom enkeltvedtak stilla krav til abonnentar/avfallsprodusentar om kjeldesortering og leveringsmåte for ulike delar av avfallet, medrekna levering av kjeldesortert avfall til miljøstasjonar/returpunkt.





Kommunen kan sjølv stå for innsamlinga av avfall som er omfatta av denne forskrifta, eller setja dette arbeidet ut til andre etter avtale. Ingen kan samla inn hushaldsavfall utan løyve eller avtala med kommunen. Forureiningsmyndigheita kan i særlege tilfelle ved forskrift eller enkeltvedtak avgjera at løyve eller godkjenning frå kommunen ikkje er naudsynt (jf. forureiningslova § 30).

Kommunen kan oppretta innsamlingsordningar for næringsavfall. I tilfelle der næringsavfall vert samla inn saman med hushaldsavfall (felles behaldarar, felles avfallsugesystem), skal desse verksemdene definerast som kommunens abonnentar. Slike fellesløysingar krev godkjenning frå kommunen.

§ 5 Kommunal tømning av slam

I samsvar med forureiningslova § 26 er det tvungen kommunal slamtømning frå mindre sanitæranlegg. Alle eigedomar i kommunen der det oppstår slikt slam, jf. § 2 i denne forskrifta, er omfatta av slamtømmingsordninga. Ingen kan utføra tømning av slam frå sanitæranlegg utan skriftleg løyve frå kommunen.

Ved tømning av anlegg der det vert oppdaga feil eller manglar, vil det verta gitt melding vidare til kommunens forureiningsmyndigheit som vil følgja opp anlegget etter Forureiningsforskrifta og lokale forskrifter med heimel i Forureiningsforskrifta.

Eigar har plikt til å føra tilsyn med anlegget. Dersom anlegget ikkje vert tømt slik det er planlagt eller avtalt, skal eigaren av anlegget ta kontakt med kommunen for å syta for at tømning vert utført. Kommunen er ikkje ansvarleg for skader og ulemper på grunn av tiltetting eller liknande. Abonnenten har plikt til å føra tilsyn slik at anlegget ikkje fløymer over.

Dersom det er fare for oppdrift av sanitæranlegget når det er tømt, er abonnenten ansvarleg for at anlegget er tilstrekkeleg forankra. Der leverandøren har lagt til grunn at anlegget må fyllast med vatn etter tømning, er abonnenten ansvarleg for at dette vert gjort.


Kommunen syter for tømning etter ein tømplan. Tømning vil i hovudsak verta utført på snøbar mark. Abonnenten har plikt til å innordna seg etter kommunens tømmeplan. Tømning vil normalt skje områdevis.

Varsel om tømning vert sendt i posten, eller kunngjort på annan måte om kommunen finn dette hensiktsmessig.

Dersom tilkomst eller andre forhold seier at aktuell tømmedag er upassande, har abonnenten plikt til å melda dette til kommunen slik at ny dato for tømning kan avtalast.

Abbonenten skal syta for at sanitæranlegget er lett tilgjengeleg for tømning med bil. Krava til køyrbar veg må vera oppfylte. Når tømmevarsel er sendt ut skal deksel/lokk over anlegga vera rydda for eventuelle fyllmassar (jord, sand, grus, osv), snø og is. Låste lokk skal vera opna slik at dei kan løftast av. Abonnenten skal syta for at sanitæranlegget som skal tømmast er lett synleg for tømmeoperatøren.





Dersom abonnenten etter førehandsvarsling ikkje har klargjort slamanlegget og tilkomstvegen for tømning, vert anlegget ikkje tømt. Alle ekstraavgifter i samband med bomtur/ekstratømming skal dekkast av abonnenten etter rekning.

Dersom det oppstår behov for oftare tømning av eit anlegg enn det som abonnementet/tømmeplanen seier, må abonnenten bestilla tømning hos kommunen og sjølv kosta utgiftene ved tømninga.

Ved tømning av anlegget har kommunen, eller den som utfører tenesta på vegner av kommunen, rett til å plassera utstyr som er nødvendig for å få utført tømninga på eigedomen.

Kommunen har ikkje ansvar for vedlikehald og/eller skader på privat veg og eigedom i samband med slamtømminga.

Tømning av sanitæranlegg skal skje etter vilkår i utsleppsløyve eller etter kommunens rutinar. Standard tømmefrekvensar er:

Type anlegg	Tømefrekvens
Slamavskiljar for fast bustad	minimum kvart 2. år
Slamavskiljar for fritidseigedom	minimum kvart 4. år
Minireinseanlegg	minimum årleg
Tett tank	minimum årleg

Kommunen kan krevja andre tømmefrekvensar for eit anlegg dersom dette er nødvendig. Kommunen har rett til å tilbakeføra eventuelt rejeaktvatn frå slambil til anlegget ved tømning.

Tømning skal utførast slik at dei som bur på eller bruker eigedom ikkje vert unødig plaga av støy og lukt.

Tømning av sanitæranlegg for annan verksemd enn bustad eller fritidshus vert regulert i utsleppsløyve eller avtalt i kvart enkelt tilfelle.

§ 6 Kommunen sine plikter

Kommunen skal syta for at abonnentane har eit hygienisk og effektivt tilbod for å verta av med avfallet sitt. Dette omfattar også høve til å kjeldesortere avfallet.

Kommunen kan sjølv stå for innsamlinga av avfall som er omfatta av denne forskrifta, eller setta dette arbeidet ut til andre etter avtale.

Kommunen skal syta for at det eksisterer eit tilstrekkeleg tilbod for mottak av farleg avfall frå hushald og verksemder med mengder av farleg avfall under grensa som til ei kvar tid gjeld i «Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall» (avfallsforskrifta).





Kommunen skal syta for at det eksisterer eit tilstrekkeleg tilbod for mottak av EE-avfall frå hushalda. Kommunen skal også ta imot EE-avfall som er næringsavfall, men kan krevja vederlag for mottaks- og lagringskostnader.


Kommunen pliktar å utarbeida reglar for utrekning av gebyrstørrelse basert på gebyrgrunnlaget.

§ 7 Krav til sortering og bruk av avfallsbeholdaren

Hushaldsavfall som er omfatta av den kommunale renovasjonsordninga, skal kjeldesortertast i følgjande avfallstypar:

1. Bioavfall skal leggjast i eigen behaldar eller heimekomposterast i behaldar som er godkjent av kommunen. Det er forbode å leggja avfall som ikkje kan komposterast i biobehaldar eller heimekomposteringsbeholdar. Matavfall og anna vått avfall vert lagt i behaldar for bioavfall og skal først avrennast og pakkast inn.
2. Hageavfall kan leggjast i behaldar for bioavfall, heimekomposterast, eller leverast til gjenvinningsstasjon.
3. Papp, papir og kartong som skal til gjenvinning skal leggjast i eigen behaldar. Det er forbode å leggja andre avfallstypar i denne behaldaren.
4. Rein plastemballasje skal leggjast i eigen behaldar. Tilskitna plastemballasje, plastemballasje som ikkje er reingjort, og plastemballasje som har innehaldt giftige, oljehaldige eller ekstremt brannfarlege produkt skal leverast saman med restavfallet.
5. Farleg avfall skal leverast til gjenvinningsstasjon eller anna godkjent mottak. Det må, så langt det er mogleg, brukast originalemballasje ved retur av farleg avfall. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall.
6. Elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) kan leverast til forhandlar eller gjenvinningsstasjon.
7. Grovavfall kan leverast til gjenvinningsstasjon eller til kommunalt godkjente innsamlingsordningar i privat regi.
8. Inerte massar bør leverast til gjenvinningsstasjon.
9. Andre kjeldesorterte fraksjoner med godkjend innsamlingsordning skal leverast til returpunkt eller andre kommunale/interkommunale mottak. Kommunen kan gjera endringar i dei avfallsfraksjonar som skal kjeldesortertast. Ved returpunkta er det forbode å blanda avfallet og å leggja att restavfall.





10. Den delen av hushaldsavfallet som det ikkje er etablert gjenvinningsordningar for, skal leggjast i restavfallsbeholdar. Dyreekskrement, oske, sot og pussestøv skal pakkast inn slik at det ikkje vert frigjort under tømning. Sanitetsbind, bleier, bandasjar o.l. skal pakkast i tett emballasje før det vert lagt restavfallsbeholdaren. Tilsvarande må ekskrementposar (colostomiposar) tømmast og pakkast inn. Sprøytespissar skal ha påsett originalhette og elles pakkast forsvarleg inn.

Kommunen kan gje pålegg om endringar i den kjeldesorteringsordninga som er skissert ovanfor når vesentlege omsyn tilseier dette. For eksempel kan etablering av eit sentralt sorteringsanlegg for restavfall føra til at ordninga med separat innsamling av plast (§7, pkt. 4) vert avvikla.

Det er ikkje tillate å leggja varm oske, store metallgjenstandar eller eksplosive og/eller sjølvantennelege stoff i avfallsbeholdarane.

Det er forbode å leggja daude kjæledyr i avfallsbeholdarane. Den som eig dyret har også ansvar for at det vert handtert på ein miljømessig forsvarleg måte, og må betala omkostningane for ei slik handtering ved særskilde mottak, evt. gjennom veterinær.

Avfallsbeholdaren må ikkje overfyllast, og må ikkje pakkast fastare med avfall enn at han lett kan tømmast. Alt avfall skal leggjast oppi behaldaren. Det er ikkje tillate å plassera avfall på eller ved sida av behaldaren. Det er heller ikkje tillate å plassere avfall slik at loket ikke kan lukkast forsvarleg igjen. Loket skal haldast lukka.

Avfallsvekt pr. behaldar skal ikkje overstige følgjande maksimale vektgrenser:

80 liters behaldar:	40 kg
120 liters behaldar:	50 kg
140 liters behaldar:	50 kg
240 liters behaldar:	60 kg
660 liters behaldar:	100 kg
1100 liters behaldar:	75 kg
100 liters sekk:	25 kg
160 liters sekk:	30 kg
200 liters sekk:	40 kg
240 liters sekk:	40 kg

Desse vektene er netttotal.





Komprimeringsutstyr for behaldarar skal godkjennast på førehand og kontrollerast av kommunen.

Ved bruk av sekker må det ikkje leggjast skarpe gjenstandar i sekken som kan skada renovatørane. Sekkene må ikkje fyllast meir enn at dei kan mulast eller gje skikkeleg beregrep. Berre sekker som er godkjende av kommunen kan setjast ut for henting samtidig med avfallsbeholdar for same avfallstype.

Kommunen kan påleggja abonnentar å bruka felles behaldarar, for eksempel nedgravde avfallssystem, avfallssug, konteinar eller andre liknande renovasjonsordningar. Det gjeld same krav til kjeldesortering for slike fellesordningar som for andre/individuelle innsamlingsordningar.

Kommunen kan vedta ytterlegare innsamlings-/mottaksordningar for særlege avfallstypar. Kommunen har eigne ordningar for bleieavfall.

Abonnenten kan ved uforsvarleg handsaming haldast økonomisk ansvarleg for behaldarane, og skal følge dei tilvisingar og pålegg som er gjevne vedkomande plassering, kjeldesortering, reinhald m.m..

Abonnenten pliktar å informera alle brukarar av eigedomen om gjeldande reglar for avfallshandtering.


§ 8 Plassering og tømning av behaldaren

Behaldarane må plasserast slik at dei ikkje er til sjenanse for andre verken ved oppbevaring eller i samband med tømning. I periodar med snø og is kan det vera nødvendig å ha ei anna plassering av behaldarar som skal tømmast enn det er praksis for resten av året. Der plassforholda ikkje tillet utplassering av nok behaldarvolum for laust avfall, eller der andre sterke grunnar talar for det, kan kommunen godkjenna bruk av behaldar knytt til komprimator.

Abonentane skal retta seg etter pålegg frå kommunen vedkomande plassering av behaldarar som skal tømmast, sjølv om desse måtte avvika frå prinsippa som er nemnde nedanfor.

Når avfallshentinga føregår skal brukaren ha plassert behaldaren ved kanten av køyrbar veg, ved opning ut mot veg eller ved open (ikkje lukka) port. Der det er felt mellom gang/sykkelveg og veg/gate, skal behaldaren setjast fram til kanten av vegen/gata.





Behaldarane skal stå slik at handtaket vender mot vegen/gata (renovatøren) når han er sett fram for tømning, om ikkje anna er tilvist av kommunen. Renovatøren skal etter tømning setta behaldarane tilbake til oppstillingsplassen.

Behaldarar skal plasserast på så fast underlag som mogleg, og slik at dei kan trillast av renovatøren utan å måtte løftast. Der det er særleg tilrettelagde oppstillingsplassar for behaldarar (samleplassar), pliktar renovatøren berre å tømme behaldarar som er plasserte på dei aktuelle samleplassane.

Abonnetar som av helsemessige årsaker ikkje er i stand til å setta behaldarane fram til gate/veg på tømmedagen, kan gjera avtale med kommunen om annan plassering av behaldarane enn det som er fastsett ovanfor. Helsemessige årsaker må attesterast av lege eller kommunens heimesjukepleieteneste.

Abonnetar, også deltakarar i fellesabonnement, kan mot eit eventuelt ekstra hentegebyr, avtala med kommunen anna plassering av behaldarane enn det som er fastsett ovanfor.

På tømmedagen må behaldarane vera sette fram før tømmetid. Tømminga vil tidlegast skje kl. 06.00. Ved varige endringar i normalt tømmetidspunkt vil kommunens renovatør gje melding om dette til dei abonnentane det gjeld. Kommunen fastset tømmeffrekvens og tømmedag for dei ulike avfallsbehaldarane.

Brukar pliktar å følge med i kunngjeringar om avfallshenting på høgtidsdagar og rørlege helgedagar.

Etter tømning skal behaldaren snarast mogleg bringast tilbake på eigedommen. Kommunen kan etter skriftleg søknad gje dispensasjon til permanent plassering av behaldar på fortau.

Kommunens renovatør er berre pliktig til å ta med avfall som er plassert i godkjent behaldar. Avfallet skal hentast rutinemessig i samsvar med tømme kalenderen. I særlege tilfelle kan kommunen fastsetta ein annan hentefrekvens, eller at innsamling berre skal skje i visse delar av året.

Innsamlinga skal utførast slik at det ikkje skapar unødig ulempe i form av støv, lukt eller støy. Behaldarane skal etter tømning lukkast og setjast attende på same stad. Eventuelt søl frå tømninga skal fjernast av renovatøren.

§ 9 Skaffing og byte av avfallsbehaldarar

Alle avfallsbehaldarar tilhøyrrer kommunen (unnateke heimekomposteringsbehaldarane). Kommunen avgjer kva slag avfallsbehaldarar (inkludert nedgravde behaldarar m.v., jfr §3, pkt. 11) som kan brukast i kommunen. Kommunen står for utlevering og vedlikehald av avfallsbehaldarane, men ikkje for reinhald. Kommunen avgjer når ein behaldar må reparerast eller fornyast.

Endring av abonnement til større/mindre eller fleire/færre behaldarar skal berre skje etter skriftleg eller telefonisk bestilling frå abonnenten på ein slik måte som kommunen fastset. Ved slik endring av abonnementet kan abonnenten verta ilagt eit nærare fastsett gebyr.





Ved flytting skal behaldarane ikkje medflyttast utan etter nærare avtale med kommunen. Behaldarane blir kommunens eigedom.

Alle bustader skal ha det tal behaldarar som kommunen fastset – vurdert etter avfallsmengd, avfallstype, samansetning og behov. Ingen bustader skal kunna vera utan avfallsbeholdarar, jf. også vilkår for fellesabonnement nedanfor. Kommunen kan gje skriftleg pålegg til abonnent eller deltakarar i fellesabonnement om å auka talet eller størrelsen på behaldarane når abonnenten(-ane) ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta om sortering, vekt, fyllingsgrad, pakking m.v., jf. § 6.

Der særlege omsyn tilseier det, kan fleire abonnentar i lag søka om fellesabonnement der to eller fleire naboar kan ha felles behaldar(ar) for ein eller fleire avfallsfraksjonar. Ein av abonnentane i fellesabonnementet må stå ansvarleg overfor kommunen, jf. også § 2.

Kommunen kan påleggja fleire abonnentar å bruka fellesbeholdar, nedgravde avfallssystem, avfallssug eller andre liknande renovasjonsordningar når dette er hensiktsmessig i forhold til dei mål for avfallssektoren som framgår av § 1.

Time kommune ønskjer størst mogleg tilknytning av nye bustader til nedgravde avfallssystem, og kan derfor påleggja utbyggjarar å etablere slike system. I samband med utbygging av nye bustader vil utbyggjar som regel måtte kosta investeringa for det nedgravde avfallssystemet, medan kommunen etter ferdigstilling av utbygginga overtek eigedomsretten til anlegget og ansvaret for ordinære drifts- og vedlikehaldskostnader. Dersom kapasiteten på anlegget er tilstrekkeleg, kan kommunen etter overtaking av eigedomsretten til eit anlegg gje andre abonnentar i nabolag/kvartal høve til å bruka anlegget utan vederlag til utbyggjar. Dette gjeld uavhengig av eigedomsretten til grunnen der anlegget er plassert.

Ved etablering av nedgravde anlegg i tilknytning til eksisterande bustader, eller ved etablering av nye bustader der anlegget får relativt låg utnyttingsgrad, kan kommunen gå inn med tilskot opp til 50 % av etableringskostnaden for det nedgravde anlegget. Ved etablering av nedgravde anlegg i tilknytning til eksisterande bustader der det ligg føre særlege grunnar med omsyn til hygiene, tryggleik, miljø og trafikk, plan- og/eller utbyggingsmessige årsaker eller andre tungtvegande samfunnsmessige årsaker, kan kommunen gje tilskot opp til 100 % av anleggs-kostnaden for det nedgravde anlegget.

Søknad om tilskot til etablering av nedgravde anlegg skal rettast til Time kommune. Klager på vedtak om tilskot til nedgravde avfallsanlegg vert avgjort av Lokal utvikling.





§ 10 Krav til køyrbar veg

Som køyrbar veg reknar ein veg som har tilfredsstillande snuhammar eller gjennomkøyring og dessutan kurvatur, stigningsforhold, breidde og styrke til å tåla eit køyretøy av type L. Vinterstid kan glatt vegbane føra til at veg eller gate ikkje kan reknast som køyrbar veg, jf. også § 7, 2. avsnitt.

Vegen må ha ei fri høgde på minst 4,5 meter og ei breidde på minimum 3,5 meter. Dersom kravet om ei breidde på 3,5 meter ikkje kan imøtekomast, pliktar veghaldar eller eigar å syta for at det minimum er ein korridor med breidde på 3,0 meter der byggverk, gjerde, vegetasjon og andre innretningar ikkje er til hinder for at renovasjonsbilen kjem fram, samt at vegen er tilrettelagt med utvidingar i svingar tilstrekkeleg for køyretøy av type L. Dersom oppmoding frå kommunen om skjering/klypping av hekkar, buskar og tre ikkje er gjennomført innan ein viss tidsfrist, kan kommunen føreta naudsynd skjering/klypping og krevja at huseigaren betaler kostnadane.

Dersom krava til køyrbar veg ikkje kan oppfyllast, kan kommunen krevja at abonnentar bringer behaldarar og eventuelle godkjende sekker fram til annan køyrbar veg eller tilvist samlepass.

§ 11 Hygieniske krav til renovasjon

Dei lokale helsemyndigheitene har ansvar for å sjå til at handtering av avfall skjer i samsvar med folkehelselova, og kan på sjølvstendig grunnlag fastsetta vilkår som sikrar hygienisk oppbevaring og disponering av avfallet.

All handtering av avfall og slam etter denne forskrifta skal skje i samsvar med dei retningslinjer og vilkår som er sette av sentrale og lokale helsemyndigheiter.

§ 12 Renovasjonsgebyr

Kostnadane som kommunen har på avfallssektoren skal i samsvar med forureiningslova fullt ut dekkast inn gjennom gebyr. Renovasjonsgebyra kan differensierast for å stimulera til ei kostnads- og miljømesse rett avfallsbehandling. Reglane om avfallsgebyr i forureiningslova gjeld også for tømning av slam.

Abonnten skal betala renovasjonsgebyr til kommunen for både pålagde og frivillig valde tenester etter den kommunale renovasjonsordninga. Ved felles avfallsløysingar skal gebyret betalast av kvar abonnent i forhold til talet på deltakarar i fellesabonnementet.

Abonnten pliktar å melda inn endringar som kan ha innverknad abonnementet på egedomen, slik som eigarskifte og eventuelle bruksendringar.





Abonnement kan ikkje seiast opp anna enn ved at bustaden er riven eller er permanent ute av bruk (tvungen renovasjon, jf. § 4). Abonnementet varer inntil det lovleg vert sagt opp av abonnenten, og det er sendt stadfesting på oppseiinga frå kommunen.

Gebyr skal betalast av den som eig/festar ein eigedom som er omfatta av ordningane for innsamling av avfall og/eller tømning av slam.

Leigetakar av ein eigedom kan unnataksvis stå som abonnent dersom dette vert avtalt skriftleg mellom kommunen og eigaren. Eigaren kan uansett gjerast økonomisk ansvarleg for leigetakars forplikningar overfor kommunen.

Renovasjonsgebyret er sett saman av to delar: ein fast del og ein variabel del.

1. Fast (avfallsuavhengig) del/grunnebyr:

Denne delen skal utgjera ein fast del av gebyrgrunnlaget og er uavhengig av behaldarstørrelse og -tal, tenesteomfang mv. Kvar eigedom skal betala minst eitt grunnebyr. Dersom det er fleire bustadar på eigedommen, skal det betalast grunnebyr for kvar enkelt bustad.

Grunnebyret fell bort for bustadar som i sum er i bruk som bustad i mindre enn 90 dagar per kalenderår. Grunnebyret fell også bort for dei tilleggsbustadar (på same eigedom) som vert brukte av medlemmar av abonnentens familie i rett linje.

2. Variabel (avfallsavhengig) del:

Denne delen skal utgjera den resterande delen av gebyrgrunnlaget, og vert utrekna som ein differensiert gebyrdel, avhengig av størrelse, type og tal på behaldarane, av tenesteomfang og hentefrekvens, samt av volum eller vekt på avfallet.

Kommunen avgjer til ei kvar tid kva for abonnentgrupper og tenester som skal inngå i den differensierte gebyrordninga. Dette gjeld også forholdet mellom fast og variabel gebyrdel, samt på kva måte gebyrdifferensieringa skal gjerast.

Kommunen avgjer også gebyr til dekning av kostnader ved tilleggstenester for eksempel låsbare behaldarar, henting av behaldarar, utkjøring av nye eller innhenting av brukte avfallsbehaldarar, mottak av avfall som vert levert til mottaksplass og gjenvinningsstasjonar, ekstra innsamling frå enkelte abonnentar osb.

Renovasjonsgebyret for slam varierer etter storleiken på slamtanken, type sanitæranlegg, geografisk område, omfanget av tenesta og tømmeffrekvens.

Kommunen kan innføra nye gebyrsatsar for andre ordningar som kommunen finn hensiktsmessige.

Gebyrsatsane vert fastsette årleg av kommunestyret.





§ 13 Innkreving av renovasjonsgebyr, renter mv.

Renovasjonsgebyr med påløpte renter og kostnader er sikra med legalpant etter pantelovens § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling, tilbakebetaling og inndriving av renovasjonsgebyr gjeld reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane §§26 og 27 tilsvarande.

§ 14 Unntak, fritak, dispensasjonar og klager

Kommunen kan etter skriftlig søknad gjera unntak frå eller gje fritak eller dispensasjon frå vilkår i forskrifta i enkelte saker, dersom særlege grunner tilseier dette. Søknader om unntak, fritak eller dispensasjonar skal innehalde rette opplysningar om eigar, brukar og adresse, samt kva det vert søkt om og grunngeving for søknaden. Søknadar skal sendast til Time kommune.

Abonntar kan søke om fritak frå delar av det kommunale renovasjonsgebyret grunna lange opphald utanfor heimen.

Fråvær	Reduksjon i variabelt gebyr
0 – 90 dagar	0
91 – 180 dagar	$\frac{1}{4}$
181 – 270 dagar	$\frac{1}{2}$
271 – 360 dagar	$\frac{3}{4}$
> 360 dagar	1

For abonntar i fellesabonnement gjeld reduksjonen berre for den faste delen av renovasjonsgebyret.

Skriftleg melding om at behaldarar midlertidig ikkje er i bruk, skal sendast til kommunen i forkant.

Kommunen avgjer sjølv om utleverte behaldarar skal hentast inn i fritaksperioden, og kan påleggja tilleggsgebyr for både innhenting og ny utlevering av behaldarar, jf. § 11.

Klager på vedtak gjort av kommunen med heimel i denne forskrifta vert avgjort av Lokal utvikling.





§ 15 Sanksjonar

Kommunen kan påleggja abonnenten å auka behaldarvolumet dersom dette synest nødvendig for å sikra tilstrekkeleg sortering av avfallet, eller for å hindra at avfallet vert oppbevart eller disponert på ein uheldig måte.

Ved feil sortering av avfallet etter reglane i denne forskrifta, vil det verta gjeve melding frå kommunen om at dette må rettast. Meldinga kan verta gjeven skriftleg direkte av kommunens renovatør og/eller med brev frå kommunen til abonnenten. I slike tilfelle kan kommunen, på abonnentens rekning, syta for separat innkøyring og sortering av det feilsorterte avfallet.

Ved vedvarande feilsortering kan kommunen påleggja ekstra behaldarvolum for restavfall mot ein tilsvarande auke i gebyret. Kommunen kan ved feilsortering og/eller overfylte behaldarar også pålegge bruk av lås.

Kommunens renovatør kan nekta å tømme avfallsbeholdarar som er overfylte, for tunge eller på annan måte fylte opp i strid med vilkåra i § 6, eller som ikkje er sette fram for tømning til rett tid eller stad etter vilkåra i § 7.

Dersom behaldarane etter tømning ikkje vert henta tilbake til eigedommen, kan kommunen gjera dette på abonnentens kostnad.

Overtreding av renovasjonsforskrifta kan utover dette straffast med bøter etter forureiningslova § 79, andre ledd.

§ 16 Plantekniske krav

Renovasjonsteknisk plan skal vera utarbeidd ved alle reguleringsaker, inkludert bygningsplanar og byggesaker som omfattar eigarar/produsentar av avfall og offentleg eller privat renovasjon.

Med renovasjonsteknisk plan meinast ein heilskapleg plan for korleis praktisk renovasjon skal iverksettast og gjennomførast. Denne skal utarbeidast av tiltakshavar/planeigar i samsvar med kommunalteknisk avfallsnorm.

Renovasjonsteknisk plan skal behandlast/godkjennast av kommunen eller den instans som er delegert denne myndigheit.



